



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
fylkesberedskapssjef Stine Sætre, 71 25 84 85

Vår dato
16.11.2015
Dykkar dato
05.10.2015

Vår ref.
2015/5921/STSA/008
Dykkar ref.

Politudirektoratet

Høyring - forslag om admininstrasjonsstad i dei nye politidistrikta - fråsegn frå fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser til Politudirektoratets høyringsbrev, datert 05.10.2015, om val av admininstrasjonsstad for dei nye politidistrikta, særskilt den delen som omhandlar **Møre og Romsdal**.

I prop.61 LS(2014-2015) ligg det føringar om at operasjonssentralane skal følgje val av admininstrasjonsstad, mens andre fagmiljø ved dei nye politidistrikta kan fordelast ved dei ulike einingane. Det ligg samtidig føringar for at politiets operasjonssentral skal lokaliseras saman med brann- og redningsvesenets naudmeldingssentralar, og at det skal leggast til rette for ei felles lokalisering med helsevesenets AMK-sentralar. Alternativa for admininstrasjonsstad som er vurdert, er admininstrasjonsstadane i dagens politidistrikt.

Felles lokalisering med politi, brann og helse

Eit av kriteria som vert vurdert i høyringa omhandlar om felles lokalisering med andre naudmeldingstenester er mogleg. Det kan sjå ut til at det i høyringsnotatet berre dreier seg om lokala har fysisk plass til å huse både operasjonssentral, 110 sentral og AMK sentral i same bygg. Og i tillegg helst i same etasje. For Møre og Romsdal står det at Ålesund og Kristiansund har relativt like føresetnader når det gjeld moglegheita for felles lokalisering med brannvesenets naudmeldingssentralar. Det står samtidig at det ikkje er realistisk med ei felles lokalisering med AMK for nokon av alternativa i dagens bygg.

Vi synes kriteria og vurderingane knytt til dagens lokale er vanskeleg å forstå. Vi saknar ei drøfting utover potensialet i dagens lokale, som ser på dei ulike naudsentralane sin lokalisering og fagmiljø i dag, kva konsekvensar ei eventuell flytting vil ha for desse, og kva det er mogleg å få til på sikt.

For det første er både dagens 110- og AMK-sentral for Møre og Romsdal, lokalisiert i Ålesund. Dette inneber at her finst fagmiljø og ein fungerande organisasjon for både brann og helse sine naudmeldingstenester. Slik vi forstår det vil AMK sentralen være nært knytt opp mot Helse Møre og Romsdal sitt sjukehus i Ålesund, uavhengig av lokaliseringa av politiets operasjonssentral og det vil ikkje være realistisk å flytte denne til Kristiansund, då sentralen er avhengig av nærleiken til fagmiljøa ved sjukehuset. Ei felles lokalisering mellom AMK og dei andre naudmeldingstenestene vil så langt vi kan sjå difor berre vere

mulig i Ålesund. Som «nærpolitireformen» også omtalar, vil ei lokalisering i same by ha positive gevinstar for samvirket, om ein ikkje skulle greie å lokalisere sentralane i same bygning.

For det andre trur vi at ei flytting av den eksisterande 110-sentralen frå Ålesund til Kristiansund vil ha konsekvensar i forhold til å oppløyse eit etablert og godt fungerande fagmiljø, for å bygge opp eit nytt fagmiljø på nytt sted.

Vi saknar at desse forholda vert vurdert og omtala i høyringa. Slik vi les høyringa har ein ikkje vurdert heile bildet, noko som må være essensielt når plasseringa legg så sterke føringar for andre forvaltningsorgan si organisering.

Infrastruktur og nærliek til samvirkeaktørar

Vi legg til grunn at ulike fagoppgåver, sett vekk frå operasjonssentralen, kan leggast til dei ulike driftseiningane i det nye politidistriktet, og at dette gjev rom for at sokkelansvaret fortsatt skal kunne forvaltast på ein god måte av eininga som vil ligge i Kristiansund.

Andre samvirkeaktørar som handterer hendingar som ikkje angår sokkelen vil i stor grad vere lokalisert i eller nær Ålesund, med unntak av Fylkesmannen, Sivilforsvaret og Heimevernet, som har administrasjonsstader midt i mellom dei to lokalitetane. Vi vil i tillegg trekke fram NVE sitt fagmiljø ved overvakingsenteret for store fjellskred på Stranda, som ein sentral samvirkeaktør ved fjellskredhendingar i fylket. Vi vil her nemne at eit stort fjellskred frå Åkneset ligg høgt i DSB sitt nasjonale risikobilde.

Oppsummering

Gjennom fylkesmannens samordningsfunksjon definerer fylkesgrensene einingane for regional samordning av beredskap og krisehandtering, og vi er glade for at det nye politidistriktet i vårt område følg fylkesgrensa og omfattar Møre og Romsdal fylke.

Fylkesmannen legg til grunn at val av nytt administrasjonssted for det nye politidistriktet i Møre og Romsdal, vert gjort ut frå faglege vurderingar av kva som samla vil gje den beste beredskapen for vårt fylke. Vi har tru på å vektlegge moglegheita for felles lokalisering av naudetatane, og i tillegg legge til rette for eit godt samvirke mellom alle dei andre beredskapsaktørane.

Vi saknar at høyringa går meir inn i det faktum at val av administrasjonssted for politiet vil legge føringar for andre forvaltningsorgan si lokalisering, som 110-sentral og på sikt også AMK sentralen, kva konsekvensar dette inneber for dei ulike fagmiljøa, og ei samla vurdering av kva som vert det beste alternativet. Vi trur eit godt samvirke mellom dei sentrale aktørane i redningstenesta er særsviktig når ein skal vurdere kva som vil gje den beste beredskapen. Ut over dette har vi ikkje andre merknader til høyringa.

Med helsing

Lodve Solholm

Stine Sætre

fylkesberedskapssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.